

Frekhaug 20.10.21

Til Alver Kommune

Plan, bygg og eigedom

Uttale til klage frå Statsforvaltaren vedrørande vedtak om dispensasjon gbnr 58/151 Lygre indre

Denne utalen kjem som ein følgje av klagen Statsforvaltaren i Vestland har til vedtak om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad på gbnr 58/151 Lygre indre. Me meiner at saka allereie er god belyst i søknad om dispensasjon og i klage på avslag frå kommunen, men ønskjer å presisere ein del lokale faktorar i denne saka.

Dette tiltaket vil **ikkje** berøra strandsona slik som Statsforvaltaren påpeikar da tomten ikkje ligg i direkte tilknytning til denne. Pga. beliggenheten og vegetasjon på eigedomen er området heller ikkje egna til verken landbruk eller friluftsliv og planføremålet blir heller ikkje tilsidesett. Dette er også gitt i uttale frå Plan og analyse i Alver kommune. Som vi tidlegare har påpeikt vil bygging på eigedomen gi tilkomst til dette høgdedraget og difor ikkje setja allmennheitlege hensyn tilside, heller ikkje i forhold til strandsona.

Når det gjeld arealføremålet i området rundt Brusundet er det berre 4 hytter som er bygd på området som er avsett til fritidsbustader i kommunedelplanen. Fleire av desse hyttene har naust som ligg i LNF-området. Resten av hyttene rundt Brusundet er for det meste bygd heilt i strandsona der arealføremålet også er LNF. Eigedomen som det blir søkt om dispensasjon for er siste ubygde tomt i Brusundet som ligg i LNF-område, og ein dispensasjon vil difor ikkje ha innverknad på andre saker i dette området.

Det må også vektleggjast at eigedomen blei skild ut for å kunna nyttast til fritidsbustad. Bygging på denne tomten i dag vil være mykje mindre synleg mot fjorden og Indre farlei pga. naturleg vegetasjon og planlagt Kotehøgde i terrenget.

Konklusjon:

Det er viktig at arealbruken i kommunedelplanar generelt blir overheltdt, men å tillate dispensasjon gir ein moglegheit til endre formålet for arealbruken der det føreligg klare fordelelar med dette. Sjølv om Statsforvaltaren er ueinig i dette i denne saka meiner me det er lagt fram klare fordelar for å gi dispensasjon. Når det gjeld Strandsona og LNF-området blir ikkje arealføremålet «vesentleg tilsidesett».

Slik me ser da er det berre fjernverknad til hytta frå fjorden som kan verke negativt i denne saka. Ved å ta vare på vegetasjon på eigedomen, «dempe» hytta med flatt tak og bruke naturlege fargar på utvendig kledning vil dette i stor grad motverke synlegheita i frå sjøsida.

I denne saka bør Statsforvaltar i Vestland lytta til lokalkunnskapen som er lagt fram. Det er ikkje lett å danna seg eit heilheitleg bilete i denne saka utan å være lokalkjend. Det er lagt stor vekt på «negativ innverknad på strandsona» frå Statsforvaltaren si side, fordi om det ikkje gjeld i denne saka. Vi håper Statsforvaltaren endrar sit syn i denne saka slik at eigedom kan koma til nytte for tiltakshavar og framtidige generasjonar.

Vennleg helsing

.....Knut Henanger.....

Ansvarleg søkjar